



Evaluering av kollektivtrafikken i Bø

Notat 30.10.15, rev.17.02.16 og 07.03.16

Bakgrunn

Bygdepakke Bø er eit samarbeidsprosjekt mellom Bø kommune, Telemark fylkeskommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Telemark, der målsettinga er redusert interntrafikk med bil i Bø sentrum. Prosjekta ønskjer vidare å skape eit trygt og aktivt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse. Ved å legge til rette for trygge og gode snarvegar, sykkel- og gangstigar, åpne og tilgjengelige rom for aktivitet og redusert bilkøyring til skulane, vil ein skape positive ringverkandar for folkehelsa til innbyggjarane i Bø.

Som del av forstudiet til Bygdepakke Bø vil ein evaluere dagens kollektivtilbod. Korleis treff tilbodet i dag, er det målgrupper ein ikkje når, kan ein få eit betre tilbod innanfor dagens rammer? Kva for tilbod skal til for at fleire hushaldningar kan klare seg med ein bil?

I ATP Telemark er dei overordna strategiane å satse på:

- Satse på hovudferselsårer
- Trygging av skulevegar
- Styrke kollektivknutepunkt
- Effektivisere transportsystemet
- Styrke byar og tettstader

For kollektivtrafikken heiter det:..... «Langs hovudferdselsårer i middels tettbygde område er det også eit potensiale til å få fleire til å nytte kollektivtilbodet til daglege aktivitetar».....

Framdrift

Denne evalueringa er ein del av forprosjektet/trafikkanalyse som skal vera ferdig til 01.11.15. Den skal gje grunnlag for drøftingane og tilråd konsept i januar 2016.

1.11.15	Faktagrunnlag/registreringar for trafikkanalyse, potensialundersøking og kollektivevaluering ligg føre
Jan .16	Drøfting av resultat av registrering/analyse i styringsgruppa
1.1.16	Trafikkanalyse med tilrådt konsept ligg føre

Føresetnad

Ikkje auka bruk av ressursar til kjøp av skuleskyss/kollektivtrafikk lokalt i Bø.

Målgrupper

Målgruppene er bilreisene som kan erstattast med bussreise:

- Arbeids- og studentreiser.
- Fritidsreiser for barn og unge til og frå aktivitetar

Situasjon i dag

Passasjerstatistikk per rute

Rutestrekning	Tal på reiser per år	Av dette skulereiser
Bø-Notodden (Nettbuss)	55.000	65 %
Bø-Skien (Telemark Bilruter)	50.000	10-15 %
Bø bussen	25.000	35 %

Rutetilbudet mellom Notodden og Bø har både skuleskyss, arbeidsreiser og fritidsreiser som dei viktigaste brukarane. Vaksenopplæring på Akkerhaugen genererer trafikk Gvarv-Akkerhaugen. Ruta har timesavgangar morgon og ettermiddag og elles annankvar time. Ruta tar lang tid, 50 minutt. Enkelte skulerutene går om Hørte og alle går om Nordagutu. Grunnen til at ruta køyrer om Nordagutu er at det er her folk bur. Tre avgangar frå Bø om dagen korresponderer med tog til Skien frå Nordagutu. Evt korte inn reisetida på ruter utan skuleskyss.

Telemarksekspressen mellom Bø og Skien har om lag 50 000 årlege påstigingar i Bø. Bussruta nyttast i like stor grad til fritidsreiser, arbeids- og skulereiser. I dag er det timesfrekvens. Turen Bø stasjon –Skien (Landmannstorget) tar 58 min i dag. Auka frekvens, krev noko raskare reisetid, og auka ressursinnsats. Kortare reisetid vil ikkje vere mogleg utan større infrastrukturtiltak i Grenlandsområdet som både fører til kortare køyreveg og betre framkommelegheit (kollektivfelt). Tiltak som vil gje raskare framkomelegheit eller betre tilhøve for korrespondanse er; kollektivfelt, bussprioritering Moflata - Landmannstorget, utbetring av Brekkasvingane, korrespondansehaldeplass/terminal ved Sagavoll på Gvarv. Oppretthalde rask tilgang til Ulefoss sentrum. Oppretthalde rask og effektiv tilgang til Bø stasjon inklusiv jernbanevegen i Bø.

Enkelte aktivitetar nås ikkje av Bø-bussen trass i at dei ligg på ruta som til dømes trening i Telemarkshallen, då Bø bussen ikkje køyrer på kveldstid eller helger. Tidlegare gjekk Bø-bussen på kveldstid, men ein fanga ikkje opp reisene til/frå Telemarkshallen. Og kveldsavgangane vart lagt ned som følgje av lite bruk. Frekvens er ein gong i timen. Mange skuleelevar, nokre honnørreisande og lite studentar. 35% av passasjerane er betalande passasjerar til/frå Folkestad skule. Ein del avgangar med svert få reisande. Bøbussen snur ruta midt på dagen for å få med skuleelvar heim frå Folkestad skule. Nytt bustadfelt i Nordbøåsen vil få behov for kollektivdekning om nokre år. Kan ein sjå for seg ei ny sløyfe? Sløyfa over Folkestad og Oterholt tar lang tid.

Ei skulerute om morgonen som Telemark bilruter køyrer mellom Bø og Øvrebø langs rv36 er delvis overlappande med Telemarksekspressen. Denne ruta kan effektiviserast ved å køyre langs Vreimsida tilbake og at Telemarksekspressen tar med seg passasjerar på sørsida av rv 36 til Bø skule og ungdomsskulen Skulebarn til Bø skule på nordsida av rv 36 nærmast Bø vil få om lag 10 min lengre reisetid.

Fleksiruter:

Desse dekkjer i hovudsak grendene som ikkje vert dekt av Bø-bussen, det er ca. 800 reisande i året med desse avgangane, og kostnaden er ca. kr 130.000 per år. Ein kan tenkje seg å køyre avg. med Bø-bussen som har færrest reiser som Flexirute, eventuelt å starte eit tilbod på kveldstid med Flexirute som ei prøveordning finansiert ved å leggje ned avgangar med Bø-Bussen, eller effektivisere skuleskyssen i Øvrebø.

Muligheter

I Bø bør det vere mogleg for ein familie å greie seg med ein bil i hushaldningen dersom ein bur relativt nær sentrum. (innanfor 4 km frå skulen) Kva tiltak kan bidra til at dette blir eit reelt alternativ?

- Høgare frekvens på Telemarksekspressen for dei som pendlar. Vil gi større effekt om ein har gode tilbringarløysingar til haldeplassane. Dvs. god sykkeltilkomst og sykkelparkering samt at Bø-bussen kan nyttast som matebuss.

- Bø-bussen blir eit alternativ saman med sykkel og gange i staden for bil med noko raskare ruter i tida til og frå jobb.
- La Bøbussen køyre same retning heile dagen. Dette ville gje eit meir oversiktleg tilbod, men usikkert om antal nye tilfeldig reisande vil overstige dei skuleelevane (som ikkje har krav på skyss) ein vil miste.
- Bø-bussen kan nyttast til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddagstid/ kveld, resursar lyt eventuelt omdisponerast frå lite nytta føremiddagsavgangar. Vanskeleg å få til å gå opp med skift for bussjåførar.
- Samarbeide med Skarphedin idrettslag om fleksiruter til trening i Telemarkshallen.
- Betre korrespondanse mellom buss og Bratsbergbanen på Nordagutu kan vere in moglegheit men begrensa kundegrnlag når Telemarksekspressen er eit så vidt godt tilbod.
- Legge sløyfe av Bøbussen om Nordbøåsen vinterstid etter at utbygginga har nådd eit visst omfang.
- Betre korrespondanse mellom rute 323 (Notodden-Bø) og Telemarkekspressen.
- Korrespondanse mellom Rjukanekspressen og Telemarksekspressen på Gvarv vil gjere det mogleg å ta buss mellom Rjukan og Bø.
- Få meir effektiv bruk av store bussar som har ledig kapasitet på dagtid ved å køyre dei over Juvsåbrua.
- Det bør vurderast om det kan gjerast endringar i skulekøyringa for å gje eit betre ordinært tilbod.
- Raskare rute for Bø-bussen krev at busselskapet ser muligheter til å korte inn ruta. Dei meiner ikkje det er mogleg å kjøre runden raskare enn i dag.

Tiltak.

Tiltak på kort sikt.

Bøbussen/ flexiruter

Endringar i tilbodet med Bøbussen og eventuelt bytte ut nokre av rutene med flexiruter kan gjennomførast på relativt kor sikt. Det er imidlertid ein del føresetnader som må på plass dersom det skal vere gjennomførbart.

- Fylkeskommunen og busselskapet ynskjer å effektivisere materiellbruken. Som ein føresetnad for dette må Bø kommune ta stilling til aksellastrestriksjonane ved Juvsås bru. Frist: våren 2016.
- I etterkant av punktet over vil Busselskapet kunne arbeide med å vurdere gevinsten dersom ein køyrer ruta i same retning heile dagen. (haust 2016)
- Dersom ein skal satse på Bø-buss eller flexiruter til fritidsaktivitetar (kveldstid/helg) er det avhengig av ein innsats frå Bø kommune og idrettslaget. Bø kommune ser på mulighetene og ressursane som skal til for å få til dette. Vurderes ila. 2016.

Div korrespondanse med Telemarksekspressen på Gvarv ved Sagavoll.

- I løpet av prosjektperioden er det oppretta korrespondanse på ein avgang på sundag, noko som gjer at folk kan ta bussen mellom Rjukan og Bø.
- Busselskapa vurderer, ved kvar ruteendring, muligheten for betre korrespondanse mellom rute 323 (Notodden-Bø) og Telemarkekspressen.

Effektivisering av skuleskyss

Det er mogleg å effektivisere skuleskyssen i Bø. Busselskapet arbeider med ei løysing for dette. Når eit forslag ligg føre vil Fylkeskommunen kontakte kommunen ved skulesjefen for å legge ein prosess (vår 2016) for eventuell gjennomføring.

Tiltak på lang sikt.

Bø-bussen

Omlegging av ruta om Nordbøåsen vurderast ettersom utbygginga går framover. Dette er busselskapet og Telemark fylke sitt ansvar.

Telemarksekspressen

Telemarksekspressen er viktig for folk som pendlar til og frå Bø og kan bli enda meir relevant dersom frekvensen blir auka til to avgangar pr time. For å få til dette må ruta bli noko meir effektiv. Tiltak som på sikt kan bygge opp under dette:

- Infrastrukturtiltak på Rv36 og Fv 32. Store tiltak som Brekkasvingene og Lilleelvgate vil bli utbetra. Mindre tiltak vil og ha effekt. Her må ein presse på overfor Statens vegvesen og fylkeskommunen må ivareta sine strekningar.
- Effektive knutepunkt og haldeplassar. Her har alle forvaltningsnivå eit ansvar. Hovudansvaret ligg på grunneigar, jfr. Rapport om knutepunkt i Østlandssamarbeidet. Det kan vera ei utfordring at grunneigar i nokre tilfelle ikkje har direkte nytte av effektiviseringstiltaket. Statens vegvesen har ansvaret for at haldeplassane langs Rv. 36 er effektive og ikkje ligg for tett.
- Fortetting langs ruta og ved knutepunkta betrar kundegrunnlaget og effekten av tiltaka. Kommunane er ein sentral aktør for å få til dette.
- Busselskapet kan vurdere å bryte pendelen dvs. ikkje same buss frå Torp til Bø. Kan gjere det lettare å få til høgare frekvens men vil ha andre ulemper.
- Ila. 2016 skal fylkeskommunen gjennomføre ei utgreiing av soneinndeling av kollektivtrafikken i Telemark utanfor Grenland. Ytterlegare offentlege kjøp langs hovudferdselsårer vurderast i denne samanhengen.

Oppsummering

På kort sikt er truleg betre utnytting av kapasiteten til Bø-bussen og effektivisering av skuleskyssen det som vil gi mest effekt. Effekten er imidlertid usikker og ein er avhengig av at busselskapet ser lønnsemd i tiltaka og at kommunen stiller opp med ein del ressursar samt samarbeid med frivilligheten. Betre korrespondansar mellom Telemarksekspressen og andre ruter vil også ha ein viss effekt.

På lang sikt vil det gi god effekt dersom ein kan få til auka frekvens på Telemarksekspressen.

17/02 2016